

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. transport av høy.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Helleland.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag:

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland.

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

ad spm. 1. På større gardar köyrer en med hest, på små bruk lesser ein byrar som ein ber på ryggen.

Det finns gardar der en endå slær noko utslätte. Men på dei allerfleste stader slær ein no berre heimavodlen.

For umlag 30 år sidan dreiv dei utmarkslått på alle gardar, og det tok vanleg like lang tid som hausting av heimavodlen. Dei utslätter som endå nyttas som slått, ligg vanleg nokså nær heime. Utmarkslåttē heldt seg helst like lenge på små som på større bruk. Hest har dei so å segja på alle bruk. På örsmå gardar ber dei på tog, ei ein-skild gong lånar dei hest av grannen.

ad.spm.2. Her i bygda låg dei fleste utslättene so nær at det var lte bruk for stakking eller for utmarkslöer.

Höyet var for det meste köyrd heim um sumaren på meieslede. Der ein nytta stakk eller utlöe bar ein helst höyet til stakken eller löa endå um ein hadde hest. Folk totte dette var enklare. Elles nytta ein meieslede. Transport på slo har ikkje vore nytta her. Det var anten meieslede eller byratog. Dette var dobbelt med sokalla "Hegl" i enden(ei hegl) forat toget skulde gli lett når ein knep-tebyra. Med dobbelt tog fekk beraren ein "fatle over kvar aksl. Toget heldt ein over högre aksla, og ein hjelpesmann stod framum og drog i toget, so beraren kunde reisa

seg med byra. Borna var med i arbeidet sosnart dei var ~~so~~ so store at dei kunde hjelpa til.

Snorsekk har ikkje vore nytta her i bygda, hellerikke löypestræng, då lendet ikkje er slik at dette vilde höva. Kipe, trillebåre eller båre har aldreg vore brukt til transport av høy eller gras. Redskap som det i sp. omhandla ihopsett av fire langsgåande trestaver kjenner eg ikkje til frå desse kantar.

ad spm. 3. Det meste høy har vore og vert framleids köyrt heim på sumarföre.

ad spm. 4. Til kjöring av høy brukte ein tidlegare(for ca. 50 år sidan) helst berre meiaslede. Denne er ca. 2.20 m. lang og ca. 0.85 m. breid. No brukar ein for mesteden hjulslede. Denne er ca. 3.25 m. lang og ca. 0.85 m. br. På sidene er det grindar, anten korte som berre dekkar for hjula eller lange så dei når langs heile lasteplanet på hjulsleden. Namnet hjulslede er truleg kome fram på denne måten: Frå fyrst av var det ikkje hjulredskap, berre slede på meiar. Lasteplanet på denne er bygd av langsgåande sokalla " remar " med " tverremar".(ei rem) Då ein fekk hjul til å setja under istaden for meiar heldt ein fast ved den same byggjemåten for lasteplanet sitt vedkomande, ein laga det av langsgåande remar med tverremar, og redsapet vart heitande hjulslede for å skilja det ut frå slede (meiaslede). Denne byggjemåten var praktisk, for reiskapen vart mykje lettare og difor greidare å handsama enn om lasteplanet hadde heil botn som ei vanleg kjerre. Til matrial sovæl for slede som for hjulslede bruka ein björk, som ein kunde hogga i eigen skog og soleids spara kontantutlegg.

Meieslededane ein bruka om sumaren var ikkje jernskodde, då vilde dei gå for tungt. Fenger attende var hellerikkje vintersledane skodde (for ca. 100 år sidan) Det faldt for dyrt. No er vintersledane skodde.

Av reglar for kor ein kunde köyra med meiar kjenner eg

ikkje andre enn påbodet i vegloven om det på offentleg veg ikkje må köyras med meiar utan det er snöføre.

Reglar for hjulköyring har eg ikkje høyrt gjete.

Til høy og kornkjöring har det her alltid vore nytta den same reidskapen.

I tidlegare tid vart höyet alltid fyrst lagd i sokalla fengjer, Til det bruka ein fengjeriva, som skilde seg frå ei vanleg rive ved at ho var noko grovare og sterkare og hadde lengre tinnar. Med hjelp av denne riva la ein og fengja på byra eller på lasset. Der gjekk 4 fengjer på ei byr og 4 byrar på lasset etter gamalt. Fengjing av höyet brukar ein no berre når det gjeld utslåtthöy . Langhöyet lesser ein ~~no~~ med höygaffel.

Eg har ikkje høyrt gjete nokon regel for det allersiste lasset. En var nöjje med å skrapa alt saman til sist. Var det ikkje fint raka og etterakstene ikkje væl opsamla heldt ein det for ei skam og eit merkje på slarveskap.

Lasset vert festa med höytong. Dette er 2 lynne stenger so lange som lasteplanet på köyrereidskapen med endane innfellte i eit tvertre soleids at stengene ligg ca 30 cm. frå kvarandre. Endane på tvertrena gjeng ca 10 cm ut forbi stengene og er litt spissa, so ein kan festa ("hegla") ~~fæstet~~ toget på dei, når lasset er knept. I kvar ende på sleden eller hjulsleden er der eit tog til å kneppa höytonga med, desse taug kallas tangband. Utanum dette brukas det tildels eit sokalla reip eller kneppetog, som ein legg tversover lasset ikring dette forat det ikkje skal siga skakt, når ein köyrer i skakt og ujamnt lende. Dette toget skal vera tjukt og sterkt. I eine enden er det ei hegl av same skap som på eit byratog, men mykje grovare og sterkare. Kneppetoget skal vera so langt at når det er lagd kring lasset og smöygd gjennom hegla skal kneppekaren ha so lang ende at han kan leggja denne kring

ryggen , ta spennetak mot lasset og bruka heile kroppstygda si i kneppinga. Under sumaköyring på meieslede frå utslåttene bruka ein 2 slike kneppetog tversover lasset. Var höiet svært stuttvakse (som det gjerne var tilfelle i dei seinare år etterkvart som utslåttene minka av) og köyrelendet var humpete og ujamntlaut ein attåt bruka "ritler" for at det ikkje skulde drysja for mykje ned etter vegen. Ritla (ei) var ei björkegrein med mest mogeleg sidedekvistar i heile lengda og som var kvista på sidene så ho fekk eit slag vifteform. Ein la då 2 ritler på ~~kxx~~ langs på kvar side av lasset under dei tvo kneppetog. Til sumarköyring på meiaslede frå utslåttene höyrde soleids dette utstyret med: ~~Ei høytong, tvo tangbonn, tvo reip med hegler og fire ritler.~~ Ei høytong, tvo tangbonn, tvo reip med hegler og fire ritler. Det vart aldri nytta meir enn 1 hest for höysleden om sumaren.

ad spm.5. Eg kjenner ikkje til at det har vore felles-slått her i heradet. Kvar har hatt sine slåtteteigar. Som før nemnd vart det meste utslåtthöydet köyrd heim um sumaren. Dei få som köyrde om vinteren arbeidde mest kvar for seg. No er det mest ingen som köyrer heim höy frå utslåtter om vinteren.

Det som her er sagt er etter eiga röynsle.

834

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING